



HØYRINGSFRÅSEGN: MANGFOLD OG MESTRING. FLERSPRÅKLIGE BARN, UNGE OG VOKSNE I OPPLÆRINGSSYSTEMET (NOU 2010:07)

Opplæringstilbudet til fleirspråklege barn, unge og vaksne er nyleg utgreidd av eit regjeringsoppnemnd utval leia av Sissel Østberg. Utvalet leverte utgreiinga si 1. juni, og NOU 2010:7 "Mangfold og mestring," er no på høyring med høyringsfrist 1. november. Utgreiinga har 21 kapittel og nær 400 sider. Utvalet har vurdert opplæringstilbudet langs heile alders-skalaen; frå barnehage til vaksenopplæring.

Også for barn, unge og vaksne med minoritetsbakgrunn er utdanning nøkkelen til deltaking i familie, nærmiljø, arbeids- og samfunnsliv. Eit godt opplæringstilbud kan både sikra at alle får like sjansar, forhindra sosiale forskjellar og bidra til integrering. Eit godt opplæringstilbud bidrar også til realisering av dei ressursane minoritetsspråklege har, til gagn både for individ og storsamfunn. Fleirspråklege er ein ressurs.

Klepp kommune har innbyggjarar frå 79 ulike land.

Østbergutvalet si innstilling blei handsama av hovudutvalet for skule og barnehage i Klepp i møte 02.09.2010. Hovudutvalet vil gje slik tilbakemelding:

Tidleg innsats – barnehagetilbudet (kap. 7)

Klepp kommune støttar utvalet si vektlegging av tidleg innsats. Tiltak for dei minoritetsspråklege må setjast inn så tidleg som mogleg. Dette fører til gevinst både for individ og samfunn.

Kommunen støttar også forslaget om å fasa ut kontantstøtta og i staden innføra gratis tid i barnehagen for alle minoritetsspråklege barn 20 timar per veke. Målretta og aktiv språkopplæring i barnehagen er ein heilt sentral faktor. Rammepleanen og barnehagane sin praksis fokuserer på eit rikt språkmiljø. Deltaking i barnehagen er derfor eit godt grunnlag både språkleg, fagleg, sosialt og kulturelt for dei minste. I tillegg er ein fleirspråkleg barnehagekvardag ein ressurs.

Morsmålsopplæring blir trekt fram som positivt i rapporten. Det er dokumentert at morsmålsopplæring er viktig for å læra seg norsk. Fordelane ved å gje god morsmålsopplæring i barnehagen er i det heile godt kjente. På den andre sida synest utvalet i liten grad å ha forståing for kommunane sin økonomiske situasjon. Hard og naudsynt prioritering gjer at ressursane til norskopplæring vil koma føre ressursar til morsmålsopplæring.

Kommunen meiner vidare at det ikkje er naudsynt med eiga formulering i barnehagelova for å vektleggja plikta til språkstimulering for minoritetsspråklege, slik utvalet forslår.

Norskopplæring og/eller morsmålsopplæring i grunnskulen (kap. 8)

Utvalet rår til at opplæringslova blir utvida og endra. Siktemålet er å tydeliggjera og heimla organisering og praksis av opplæringa. Klepp kommune meiner slik endring i opplæringslova ikkje er naudsynt. Alle elevar, uansett bakgrunn, skal i prinsippet møta eit likeverdige og

tilpassa opplæringstilbod. Minoritetsspråklege elevar sine rettar er derfor, slik kommunen ser det, allereie dekkja av noverande opplæringslov.

Det er kvalitet i opplæringstilbodet som er utfordringa; ressursar til delings- og støttetimar, kompetansen til dei tilsette etc. Det er ein lang prosess å læra andrespråket, d.v.s. norsk, så godt at det fungerer fullverdig. Ressursar og innsats bør derfor konsentrerast om norskopplæringa.

Utvalet peikar på at mange minoritetsspråklege elevar ikkje får den opplæringa dei skulle hatt etter opplæringslova § 2-8. "... elevar får ikkje sjeldan et svært begrenset tilbod" skriv utvalet. Klepp kommune kunne også ganske sikkert hatt betre kvalitet og større timeforbruk til opplæringa. Kommunen reknar med at auka statlege rammevilkår framover vil gjera dette mogleg.

Kommunen har ved tidlegare høve teke opp med leiinga i Kunnskapsdepartementet (og tidl. KUF) at då tilskotet til denne elevgruppa blei lagt inn i rammetilskotet, dekkja dette berre ca 50% av dei verkelege kostnadene.

Utvalet foreslår vidare at elevar skal kunna få ekstra opplæring i norsk og morsmål også etter overføring til ordinær undervisning. Kommunen støttar også dette og reknar med at auka statlege rammevilkår til tiltaket. Det same gjeld for utvalet sitt framlegg om gratis skulefritidsordning.

Læreplan (kap. 8)

Fleirtalet i utvalet foreslår at læreplanen i grunnleggjande norsk for språklige minoritetar som hovudregel skal brukast når elevar har rett på særskilt opplæring. Eit mindretal ønskjer at læreplanen skal vera obligatorisk.

Klepp kommune støttar fleirtalet med grunnlag i prinsippet om tilpassa opplæring. Å gjera planen obligatorisk vil føra til for store utfordringar særleg for vaksne.

Kommunen støttar derfor også utvalet sitt forslag om å utvikla verktøy for å kartleggja og vidareutvikla språkdugleiken til einsskildelevar. Det må vera eit siktemål med betre kartlegging og oppfølgingstiltak, slik at barn og unge med minoritetsbakgrunn i mindre grad enn no blir vist til det spesialpedagogiske hjelpeapparatet.

Morsmålsfag i grunnopplæringa (kap. 8)

Morsmålet har eigenverdi og er eit grunnlag for å læra andre språk. Kommunen er samd i at den fleirspråklege kompetansen bør brukast og utviklast i større grad enn i dag. Men sidan kommunen har avgrensa ressurstilgang, er det mest tenleg å prioritera opplæring i norsk.

Utvalet foreslår at elevar skal kunna velja morsmål - i tillegg til eller i staden for - andre språk eller valfag. Klepp kommune meiner gjeldande føringar for opplæring i språk og fag bør stå ved lag. Samstundes er det ei utfordring å gjera denne opplæringa meir praksisbasert.

Modellar for innføringstilbod versus kommunen sin styringsrett og sitt ansvar (kap. 10)

Utvalet foreslår modellar for innføringstilbod for elevar som kjem til Noreg i løpet av skuletida. Desse elevane møter med ulik faglig og kulturell bakgrunn.

Når minoritetsspråklege barn og unge er samla i større einingar, kan det gje gevinstar når det gjeld identitet, tryggleik og læring/utvikling av morsmålet. I årsmeldinga for skuleåret 2009/2010 for ein av skulane i Klepp heiter det likvel at "Vi ser at ein effekt av fritt skuleval er at dette vanskeliggjer integrering. Alle elevar frå eks. Somalia ønskjer å gå på Kleppe skule. Dette er ikkje nokon god løysing då denne elevgruppa er såpass stor nå at dei klarer seg sosialt med å omgås kvarandre. Dette er uheldig både med tanke på å bli integrert i lokalsamfunnet og i lys av å bli god i norsk."

Kommunen er skeptisk til nasjonal modellar for innføringsklassar. Behova er ulike. Løysningane må derfor variera. Kommunane må stå fritt både til å organisera innføringsklassar og til å styra plasseringa for elevane. (For vidaregåande opplæring kan ordninga med innføringsklassar fungera annleis).

Kommunen har likevel sans for nasjonale føringar som omfattar innhaldet, jfr. avsnitt om læreplan ovanfor.

Vaksenopplæring (kap. 11)

Utvalet peikar på utfordringar i opplæringstilbodet for vaksne som kjem til landet. Kommunen er vel kjende med desse utfordringane. Sjølv om fleispråkleg kompetanse er både viktig og nyttig for å fungera og arbeida i eit fleirkulturelt samfunn og i eit internasjonalt arbeidsmarknad, meiner kommunen at å utvikla kvalitet i norskopplæringa for vaksne må prioriterast.

Kommunen støtter elles framlegga utvalet har m.o.t. introduksjonsprogram, opplæringstilbodet til kvinner og nettbaserte opplæringstilbod.

Behov for kompetanse (kap. 20)

Utvalet peikar på manglande kompetanse, både etter- og vidareutdanning, i heile opplæringsløpet. Klepp kommune er samd i at dette behovet eksisterer både i forhold til kulturkompetanse/foreldresamarbeid, fleirkulturell pedagogikk og metodisk språkopplæring – både i norsk som andrespråk og innan fleispråkleg opplæring.

Kommunen ser fram til nasjonale bidrag til kommunane slik at tiltak kan setjast i verk.

Haldningsending og/eller ressursmangel? (kap, 3,6 og 20)

Utvalet meiner det er naudsynt med ein haldningsending både i opplæringssystemet og i samfunnet generelt slik at fleispråklighet blir sett på som ein verdi for den einskilde, for barnehage- og skulemiljøet og for Noreg i forhold til den internasjonale arbeidsmarknaden.

Kommunen er samd i at ei slik haldningsending trengst. Kommunen meiner betre statlege rammevilkår vil kunna bidra til å skapa meir kvalitetsprega tilbod, betre omdømme og dermed meir positive haldningar til opplæringa av minoritetsspråklege.

Klepp kommune, 03.09.2010

Trond R. Pedersen

kommunalsjef